

Overraskende og kjekk dugnadsgåve til båtlaget.

28.07.2016



Båtlagsleiar Hans Gustav takkar Rimas og Arunas for den flotte gåva.

Det meste har vore på stell i båthamna, men dei gamle solide tømmermøblane hadde absolutt sett sine beste dagar. Dermed vart det bestilt inn nyskore tømmer frå Sandvoll trelast, og Lan Bygg vart engasjert til arbeidet. No er dei ferdige, og svært glad vart båtlagsformann Hans Gustav Mussland då karane frå Lan Bygg sa at arbeidet var gratis.



Solide og flotte tømmermøblar.

Lan Bygg er no i gang att her etter ein pause der dei var i Litauen. Det er Arunas og Rimas Zemaitaitis som arbeider i firmaet, og dei to fekk jobben med dei nye tømmerbenkene og -borda i båthamna. No er møblane ferdige. Siste finpuss med sliping og vasking er gjort. No treng dei berre å tørka godt før dei skal setjast inn med fleire strøk med blanding av olje og terpentin. Dette arbeidet skal gjerast på dugnad.

Båtlagsleiar Hans Gustav Mussland fekk seg ei svært gledeleg overrasking då han snakka med Arunas og Rimas i dag. Dei to hadde bestemt seg for at dei ikkje ville ha betalt for jobben.

- Vi har lyst til å gjera litt tilbake til folk for alt dei har gjort for oss, sa Arunas som har budd 10 år i Uskedalen. Rimas har ikkje budd her så lenge, men også han har no vore uskedeling i nokre år.

Verkeleg ei flott gåve til båtfolket og uskedelingane frå dei to som opphavelg er frå Litauen.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland